



Lom



Skjåk

Felleskontor for plan, miljø og byggesak

## **Detaljregulering for Bergomsvegen 17 – Nilsbue**

**2. gongs offentlig ettersyn og høring 03.03 – 19.04.2023**

**Alle høyringsuttaler samla.**



LOM KOMMUNE  
Sognefjellsvegen 6  
2686 LOM

**Vår dato:** 17.04.2023  
**Vår ref.:** 202006115-15 Oppgi ved kontakt  
**Dykkar ref.:** 2021/221-33

**Sakshandsamar:** Astrid Flatøy,  
22959768, asfl@nve.no

## **NVE trekker motsegna - 2. gongs offentleg ettersyn - Reguleringsplan for Bergomsvegen 17 - Nilsbue, planID 3434002 - Lom kommune**

Vi viser til brev frå kommunen datert 03.03.2023 om 2. gongs offentleg ettersyn, vår tilbakemelding til kommunen 28.03.2023 og teamsmøte med kommunen 30.03.2023. Vi viser òg til NVEs motsegn 09.04.2021, og våre tilbakemeldingar 29.04.2021 og 22.11.2021, samt andre dokumenter i saka.

Saka gjeld plan for Bergomsvegen 17 - Nilsbue. Planforslaget til 2. gongs offentleg ettersyn omfattar revidert planomtale og planføresegner. Ny skredfareutgreiing frå Norconsult AS er lagt til grunn i planarbeidet.

**NVE trekker motsegn til plan for Bergomsvegen 17 – Nilsbue på bakgrunn av skredfarekartlegging frå Norconsult AS for Lom sentrum, datert 04.11.2022, og avtalar om restriksjonar på skjøtsel og drift av skogen som har funksjon som vern mot skred.**

### **Om motsegna**

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for kombinert bruk for næring og offentleg/privat tenesteyting, samt bustadføre mål. Byggverket er plassert i tryggleikklasse S3 jf. rettleiar til TEK17 § 7-3, 2. ledd.

NVE fremja motsegn til plan for Bergomsvegen 17 – Nilsbue, i brev datert 09.04.2021. Grunnlaget for motsegna var at skredkartlegginga i Lom utført i 2009, som ligg i NVE Atlas, og som var lagt til grunn i planarbeidet, ikkje omfattar tryggleikklasse S3-tiltak (5000-årsskred). I motsegna står det: «*For å imøtekomme innsigelsen kreves det en farekartlegging som avklarer reell fare for et tiltak i sikkerhetsklasse S3. Farekartleggingen kan enten friskmelde arealet med tanke på skred (alle skredtyper), eller det er nødvendig med ytterligere sikringstiltak.*»



## Ny skredfarekartlegging og restriksjonar på vernskogen

Norconsult AS har på oppdrag frå Lom kommune utarbeidd ei skredfarekartlegging for Lom sentrum, datert 04.11.2022. Kartlegginga omfattar planområdet, og konkluderer med at planområdet ikkje er skredutsett. Skogen i lia over planområdet har funksjon som vern mot skred, og faresonene i skredfareutgreiinga føreset at skogen blir ståande. Skogen som har funksjon som vern mot skred, er markert i kart for både område A (Figur 35) og i vedlegg 6 i rapporten.

Det står i kap. 2.3 i rapporten at skogen over område A en blanding av gran og furu og at: «Kronedekningen er noen steder opp mot 80-90% (Figur 12), og den er spesielt tykk ovenfor område A, mellom kote 475 og kote 900.» På NIBIOs kart er skogen merka som produktiv skog.

I kap. 7.1 *Skogens betydning for skredfaren*, står det: «Skogen ovenfor kartleggingsområdene er vurdert å være en viktig faktor for faresonenes utstrekning, og bør derfor bestå og vernes. Skogen har en effekt både for å hindre utløsning av en rekke skredtyper, samt å bremse og stoppe skred/utfall fra overliggende terreng.»

NVE er samd i dette, men vi meiner at «bør» er for svakt omgrep. Når skogen er ein viktig faktor for utstrekkinga av faresonene, må det vere restriksjonar på skogsdrifta i område A for at skredkartlegginga skal vere gyldig framover i tid. Alternativt må ein gjere ei ny utgreiing av skredfaren som ikkje tar omsyn til skog. Vi meiner difor at skredkartlegginga frå Norconsult AS ikkje er tilstrekkeleg for å dokumentere tryggleiken i planområdet utan at det samstundes leggjast restriksjonar på skogen i område A.

Kommunen gjer greie for arbeidet med vernskogføresegner i Lom i e-post 29.03.2023:

«Fylkeslandbruksstyret i Oppland vedtok 2. februar 1994 "bestemmelser om vernskogforvaltning i Lom kommune". Her er skog høgare enn 640 moh (i denne delen av kommunen) definert som vernskog - dvs. all skog frå nedkant av det brattaste terrenget nedanfor Nonshaug og vidare opp til skoggrensa på omkring 950 moh. er over vernskoggrensa.

Skogsdrift i vernskogområdet er underlagt egne føresegner:

- *All hogst i vernskogen, unntatt ved til husbehov skal meldes til Skogbrukssjefen i kommunen senest 3 uker før hogst skal settes i gang. Tilbakemelding fra Skogbrukssjefen skal foreligge før hogsten settes i gang.*

Vidare innhald desse føresegnene retningsliner for hogst/ skogskjøtsel, maksimal hogstflatestørrelse m.m. Føresegnene frå 1994 er fortsatt gjeldande og blir praktisert.



Når det gjeld arbeidet med nye vernskogføresegner står følgjande informasjon på Statforvaltaren for Innlandet sine nettsider, under overskrifta **Status for ny forskrift om vernskog i Innlandet** (datert 17.08.2022):

*Arbeidet med en ny felles forskrift om vernskog for Innlandet ble stilt i bero i 2020. Da startet Landbruksdirektoratet og NVE opp arbeid med å utrede forslag til forvaltningsmodeller for sikringsskog mot naturfarer. I deres rapport anbefales det at utformingene av områdene for sikringsskog og reglene for skogsdrift i disse områdene fastsettes i vernskogforskrifter. Når det er endelig bestemt hvordan dette skal løses, vil arbeidet med ny forskrift om vernskog i Innlandet starte opp igjen.*

Kommunen har derfor funne det mest fornuftig å avvente ferdigstilling av arbeidet med ny vernskogforskrift for Innlandet, med forvaltningreglar for sikringsskog mot naturfare.

Inntil dette er avklart er det kommunen sin oppfatning at gjeldande vernskogføresegner frå 1994 er tilfredstillande for å sikre skogareala ovanfor Ulstad/ Fossbergom.»

NVEs vurdering er at eksisterande vernskogforskrifter gjeld skog over 640 moh, mens skogpolygonet i område A, som er avmerkt i skredrapporten frå Norconsult, går frå om lag 450 moh og oppover. Etter NVEs vurdering er difor eksisterande vernskogforskrifter ikkje tilstrekkeleg til å ivareta skogen som har betydning for skred. Inntil ein ny vernskogforskrift som dekker heile området som har betydning for skredfaren er på plass, er det difor naudsynt å sikre skogen på anna måte.

Lom kommune har gjort ein privat avtale, som skal tinglysast, med eigarane av dei to skogteigane som ligg ovanfor planområdet. Avtala gjer restriksjonar på skjøtsel og drift av skogen. NVE mottok 31.3.2023 kopi av avtalane og kart som syner arealet som er omfatta. Saman med skredrapporten frå Norconsult, meiner NVE at tryggleiken mot skred i planområdet er dokumentert. Vi har difor ikkje lenger grunnlag for motsegn til planen.

**Under føresetnad av at planen vert vedteken i samsvar med det vurderte materialet trekker NVE motsegn til plan for Bergomsvegen 17 – Nilsbue.**

Med helsing

Øyvind Leirset  
seksjonssjef

Astrid Flatøy  
seniorrådgivar

*Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.*



**Mottakarar:**  
LOM KOMMUNE

**Kopimottakarar:**  
STATSFORVALTEREN I INNLANDET  
INNLANDET FYLKESKOMMUNE



## Statens vegvesen

LOM KOMMUNE  
Sognefjellsvegen 6

2686 LOM

Behandlande eining:  
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:  
Astrid Kristiansen / 97197063

Vår referanse:  
20/108639-13

Dykkar referanse:  
2021/221-33

Vår dato:  
18.04.2023

### **Merknader ved 2. gongs offentleg ettersyn – reguleringsplan for Bergomsvegen 17 – Nilsbue**

Vi viser til høyringa datert 03.03.2023 med 2. gongs ettersyn av reguleringsplan for Bergomsvegen 17 i Lom kommune.

#### **Saken gjeld**

Formålet med planarbeidet er å legge til rette for kombinert bruk med næring og offentleg/privat tenesteyting samt bustadformål for Nilsbue. Bakgrunn for 2. gongs ettersyn er motsegner frå Statsforvaltaren, NVE og Innlandet fylkeskommune.

#### **Statens vegvesen si rolle i planlegginga**

Statens vegvesen har ansvar for at føringar i *Nasjonal transportplan (NTP)*, *statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging*, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir ivaretatt i planlegginga. Statens vegvesen sitt samfunnsoppdrag er «å utvikle og leggje til rette for eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert, og miljøvennleg transportsystem».

Vi uttalar oss på vegne av staten som forvaltar av riksveg og etaten sine egne kulturminne, og som statleg fagmyndigheit med sektoransvar innanfor vegtransport. Statens vegvesen sitt sektoransvar for vegnettet inneber eit overordna ansvar for at trafikksikkerheit, klima- og miljøsyn, og heilskapleg bypolitikk blir ivaretatt i alle planforslag som vedkjem samferdsel. Dette gir oss rett til å stille krav til både statlege, fylkeskommunale og kommunale vegar, gater og løysingar for gåande og syklende.

Statens vegvesen si rolle i denne saka er som forvaltar av riksveg og som statleg fagmyndigheit innafor vegtransport.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Industrigata 1  
2619 LILLEHAMMER

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Fakturamottak DFØ  
Postboks 4710 Torgarden  
7468 Trondheim

**Våre merknadar til planforslaget****Byggegrense:**

Vi syner til våre merknader både ved oppstart av planarbeidet kor vi opplyste om byggegrense på 12,5 meter og ved 1. gongs høyring kor vi viser til at byggegrense òg omfattar parkering, gjerde, murar mv. I plankartet og skisse for parkering ser det ut til at parkeringsarealet ligg inntil fortauet langs rv. 15, og at parkeringsplassen nærast fortauet ligg i konflikt med byggegrensa. Vi gjer merksam på at ved brøyting på vinterstid kan snø og anna bli kasta inn på området. Ved parkering så nær vegen er det ein risiko for skade på bilar som står parkert.

Vi kan ikkje sjå at byggegrense til riksvegen er vist i plankartet.

**Trafikktryggleik i anleggsperioda:**

Som vi viste til ved 1. gongs høyring av planforslaget, må ein vere spesielt merksam på å ivareta trafikktryggleiken i anleggsperioda. Det er vist til behov for å bruke adkomsveg i vest, som er regulert stengd, under utbygging i utbyggingsperioda. Vi viser til at ein gjennom arbeidsvarsling sikrar skuleveg og anna trafikk av gåande og syklende forbi området.

Statens vegvesen, Transport og samfunn  
Med helsing

Hans Martin Asskildt  
Seksjonssjef

Astrid Kristiansen

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi

INNLANDET FYLKESKOMMUNE, Postboks 4404 Bedriftssenteret, 2325 HAMAR  
STATSFORVALTEREN I INNLANDET, Postboks 987, 2604 LILLEHAMMER





**Innlandet**  
fylkeskommune

## Samfunnsutvikling - Kommunal veiledning plan

Lom kommune  
Sognefjellsvegen 6

2686 Lom

Deres ref:  
2021/221

Vår ref:  
2020/38688-28  
Hanne Thingstadberget, plan  
Marte Hveem Igeltjørn, samferdsel  
Ståle Hagen-Pesch, bygg og landskap  
May-Tove Smiseth, arkeologi

Dato:  
19.04.2023

### **Svar ang. 2. gangs offentlig ettersyn - reguleringsplan for Bergomsvegen 17 - Nilsbue - Lom kommune**

Vi viser til oversendelse datert 03.03., med svarfrist 19.04.2023. Saken omhandler 2. gangs offentlig ettersyn av forslag til reguleringsplan for Bergomsvegen 17, Nilsbue, Lom kommune.

#### **Plan- og kulturvernfarende forhold**

Planforslaget gjelder gbnr. 70/2 "Nilsbue" med tilgrensende vegareal, og planområdet er på ca. 4,2 daa. Hensikten med planforslaget er å legge til rette for kombinert bruk med næring, offentlig/privat tjenesteyting og boliger. Planen omfatter både eksisterende bygningsmasse og nybygg. Den største endringa i forhold til dagens situasjon er at planforslaget åpner opp for totalt 11 leiligheter innenfor planområdet, inkludert 2 leiligheter som tidligere er godkjent i 2. etasje på eksisterende bygning. De andre 9 leilighetene er planlagt i nybygg på inntil 3 etasjer ut mot Bøvre. I tillegg kommer opp mot 600 m<sup>2</sup> forretning/kontor på gateplan i eksisterende bygg. Gjeldende detaljplan for området er reguleringsplan for Ulstad – Øy fra 1985. Overordna plan er kommunedelplan for Fossbergom fra 2020. I kommunedelplanen er det aktuelle området vist som "sentrumsformål". Dette planformålet favner vidt og omfatter forretninger, tjenesteyting, boliger, parkering og grøntareal. I hht. kommunedelplanen er det krav om reguleringsplan for ny utbygging av slikt omfang som dette. Videre går det fram av kommunedelplanen skal være førende ved revisjon av reguleringsplaner eller ved ny regulering.

Planforslaget var lagt ut til første gangs offentlig ettersyn i perioden 05.03. – 23.04.2021. Planen ble da møtt med innsigelser fra Statsforvalteren i Innlandet, Innlandet fylkeskommune og NVE. Etter første gangs høring har det blitt utarbeidet nytt faresonekart for skred-fare for Lom sentrum, og planforslaget har blitt omarbeidet og supplert.

Fylkeskommunen trekker på bakgrunn av dette sin innsigelse til plan for Bergomsvegen 17 – Nilsbue på grunn av utbedringer av planen med redusert høyde, åpen siktlinje mot stavkirken. Fasaden har blitt dempet, og den øvrige bygningen er forsøkt tilpasset omgivelsene på en bedre måte enn det som ble presentert i det første forslaget. Volumet på

---

**Postadresse:**  
Postboks 4404  
Bedriftssenteret  
2325 Hamar

**Besøksadresse:**  
Innlandet fylkeskommune  
Parkgata 64  
Hamar

**Telefon:** +47 62 00 08 80  
**E-post:** post@innlandetfylke.no  
**Internett:** www.innlandetfylke.no  
**Org.nr.:** 920717152

bygningen er fortsatt stort, men det er gjort tilpassinger for å begrense uttrykket mot kirken. Det ville vært bedre om tilbygget på venstre side (sett fra kirka) hadde blitt redusert ytterligere for å åpne linjene bakover mot veien og husene bak. Fjernvirkningen mot stavkirken er redusert gjennom de grepene som er gjort med fasaden i forhold til det første forslaget som ble sendt inn. Høyden er noe redusert og de sammenhengende vindusflatene er erstattet med oppstykkede og inntrukne vinduer med veranda foran.

Øvrige plan- og kulturminnefaglige merknader fylkeskommunen hadde i forbindelse med 1. gangs høring av planen, synes i hovedsak hensyntatt i det foreliggende planforslaget.

### **Samferdselsfaglige forhold**

Som forvalter av fylkesvegene uttaler fylkeskommunen seg til forhold som berører fylkesveg. I tillegg har vi samferdselsfaglig et regionalt ansvar for at føringer innenfor trafiksikkerhet, samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging, kollektivtrafikk, samt tilrettelegging for gående og syklende, blir ivaretatt i planleggingen.

Vi ber om at trafiksikkerhet vektlegges i anleggsfasen. Utover dette har vi ingen samferdselsfaglige merknader til saken.

Med vennlig hilsen

Kristin Ryen Reithaug  
seksjonssjef

Hanne Thingstadberget  
seniorrådgiver

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.*

### **Kopi til:**

-STATSFORVALTEREN I INNLANDET  
-STATENS VEGVESEN



Lom kommune  
Sognefjellsvegen 6  
2686 LOM

Saksbehandlar, innvalstelefon

Olav Malmedal, 61 26 61 41

## Lom - reguleringsplan - Bergomsvegen 17 - Nilsbue - 34340002 - merknader til 2. gongs høyring

Vi viser til brev av 3. mars 2023 kor reguleringsplan Bergomsvegen 17, Nilsbue, er sendt på andre gongs høyring. Ved fyrste gongs høyring hadde vi motsegn til planen på grunn av mangelfull støyutgreiing, samt at avbøtande tiltak ikkje var sikra i kart og føresegner.

Vi hadde også motsegn til mangelfull analyse av risiko og sårbarheit.

### Statsforvaltaren sine merknader

#### Støy

Vi legg merke til at kommunen ønskjer å imøtekomme vår motsegn med omsyn på støy, og det er bra. Dei endringane som er gjort i føresegnene er likevel ikkje tydelege nok, til at dei imøtekjem vår motsegn og sikrar gode støyforhold i tråd med retningslinje T-1442/2021. Vår **motsegn** vert difor oppretthalde.

I Retningslinje T-1442/2021 er det i kap. 4.6 sett opp forslag til krav som bør takast inn i reguleringsføresegner. Dei har følgjande ordlyd:

*Bestemmelsene i en reguleringsplan skal være entydige og konkrete og tilpasses planen og støysituasjonen. I planbestemmelsene er det relevant å stille krav om følgende:*

- *grenseverdier for ny bebyggelse, i henhold til grenseverdier i tabell 2*
- *at bebyggelsen skal ha stille side og tilgang til stille egnet uteoppholdsareal*
- *graderte krav til romfordeling som beskrevet i kapittel 4.1*
- *eventuelt om, og i tilfelle hvor mange, boenheter/beboerrom som tillates å kun ha tilgang til dempet fasade som erstatning for stille side*
- *krav til kvalitetshevende eller kompensierende tiltak*
- *rekkefølgebestemmelser som sikrer at nødvendige avbøtende tiltak er etablert før det gis igangsettingstillatelse eller brukstillatelse*

Støyutgreiinga er ikkje tydeleg med omsyn på å skilje på «stille side» og «dempa fasade». I utgreiinga står det blant anna følgjande:



Basert på de foreliggende plantegningene viser Figur 2 at flere av boenhetene vil ha et støynivå som tilfredsstillende de anbefalte kriteriene i T-1442. Det er imidlertid enkelte av de planlagte boenhetene som vil ha fasader der støynivået er i gul støysone,  $L_{den} \geq 55$  dB på alle fasader.

I utgangspunktet bør leilighetene planlegges gjennomgående slik at de får en fasade med  $L_{den} \leq 55$  dB. Avhengig av planløsning vil det kunne være behov for tiltak for å kunne oppnå at alle boenheter får oppholdsrom med åpningsbare vinduer mot fasade med  $L_{den} \leq 55$  dB. Slike tiltak kan sees i sammenheng med tiltak beskrevet for privat uteareal (skjerming av balkonger med bakenforliggende soveromsvinduer)

Fasade med  $L_{den} \geq 55$  dB er i utgangspunktet definert som «stille side». Der det over er omtalt «tiltak for å kunne oppnå at alle boenheter får oppholdsrom med åpningsbare vinduer mot fasade med  $L_{den} \leq 55$  dB», oppfatter vi at det er meint «dempa fasade».

Retningslinjene tilrår at det for bustader vert stilt krav til plassering av soverom og andre rom til støyfølsamt bruksformål. For nedre del av gul sone,  $L_{den} \leq 55 - 60$  dB vert det anbefalt at det vert sett krav om at alle bueiningar skal ha stille side kor soverom kan plasserast. For øvre del av gul sone,  $L_{den} = 60 - 65$  dB, er det anbefalt at er krav om at alle bueiningar skal ha stille side og at minst eit soverom skal plasserast mot denne sida.

Berre unntaksvis, og då berre når det ikkje er mogleg å få til «stille side», kan ein tillate bruk av «dempa fasade». Dette kan berre skje for ein svært avgrensa del av bueiningane.

Dersom ein skal akseptere at bueiningar vert etablert med «dempa fasade» som erstatning for stille side, bør det stillast krav om høgt opplevd kvalitet ved utforming av støydempande tiltak.

Ulempa ved at ein bueining berre får tilgang til «dempa fasade» bør klart vegast opp av andre forhold som kan kompensere for tap av «stille side». Slike kompensere tiltak kan vere tilgang til sol og lys, utsikt, areal for opphald ute som har god kvalitet, fellesareal innadørs eller andre faktorar som fremmar trivsel og helse.

Det er ikkje anbefalt å tillate eittroms bueining med berre «dempa fasade».

Med bakgrunn i ovannemnte ber Statsforvaltaren om at føresegn 2.10 blir tydelegare på krava til støyforhold for bueiningar med omsyn til stille side kor soverom kan plasserast. Dersom ein finn grunnlag for å tillate bueining med «dempa fasade» må dette takast inn i føresegna og det må vere tydeleg kor mange bueiningar det gjeld. Ei slik føresegn som tillét avvik frå kvalitetskriterier og grenseverdier skal grunnjevast i planomtala.

I føresegn til gul og raud støysone, pkt. 4.1b og 4.2 b er tilvisinga til støyføresegna feil og må rettast opp. Omforming av føresegna pkt. 2.10 kan også påverke ordlyden i føresegna pkt. 4.1 og 4.2.

### **Samfunnstryggleik og beredskap**

I vår uttale til fyrste gongs høyring fremja vi også motsegn til reguleringsplanen på grunn av mangelfull analyse av risiko og sårbarheit. Planområdet ligg innanfor aktsemdsområde for skred og planen mangla vurdering av skredfare. Planområdet var i følge NVE til dels farekartlagt og skredsikra, men ikkje for tryggleiksklassen som gjeld dette byggjetiltaket. På bakgrunn av NVE si motsegn, var det ei svakheit ved analysen av risiko og sårbarheita at planområdet ikkje var vurdert å vere utsett for skred.



Kommunen har no mellom anna oversend revidert analyse av risiko og sårbarheit, dagsett 21. desember 2022. I analysen er det vist til ny skredfarekartlegging for Lom sentrum som er laga av Norconsult. I rapporten går det fram at det ikkje er fare for steinsprang, masseutgliding/leirskred/flaumskred/kvikkleire eller snøskred i planområdet.

Noregs vassdrags- og energidirektorat har i brev av 17. april 2023 varsla at dei trekkjer deira motsegn med bakgrunn i kartlegginga av skredfare for Lom sentrum, og avtalar om skjøtsel og vern av skogen.

Ut frå dette legg vi til grunn at spørsmålet om skredfare i planområdet er avklart i den oppdaterte analysen av risiko og sårbarheit, og at vår **motsegn til dette er imøtekommen.**

Med helsing

Anne Kathrine Fossum (e.f.)  
kommunal- og samordningsdirektør

Jørn Karlsen  
avdelingsdirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Innlandet fylkeskommune

Statens vegvesen

Norges vassdrags- og energidirektorat

Pb. 4404

Postboks 1010 Nordre Ål

Postboks 5091 Majorstua

2325 HAMAR

2605 LILLEHAMMER

0301 OSLO

Fra: Groot, Terje de[Terje.deGroot@ra.no]  
Sendt: 02.05.2023 10:36:02  
Til: Postmottak Lom kommune[post@lom.kommune.no]  
Kopi: Magerøy, Ingeborg[ingeborg.mageroy@ra.no]; Anker, Leif[leif.anker@ra.no];  
Tittel: 21/01549-4 - Nilsbue - Reguleringsplan for Bergomsvegen 17 - Melding om 2. gongs offentlig ettersyn- Riksantikvarens respons

---

**NB! Denne e-posten kommer fra en ekstern avsender. Ikke klikk på linker eller åpne vedlegg med mindre du kjenner avsenderen og vet at innholdet er trygt.**

Hei,

vi har motteke ovanfornemnde varsel om 2. gongs offentlig ettersyn for reguleringsplan for Bergomsvegen 17 – Nilsbue.

Det er fylkeskommunen som representerer kulturminneforvaltninga i saker etter plan- og bygningslova. Riksantikvaren vil berre uttale seg på førespurnad frå fylkeskommunen, og då direkte til fylkeskommunen, dersom planarbeidet kan få verknad for kulturminne som Riksantikvaren har fyrstelinjeansvar for. Eventuelle merknader frå direktoratet vil bli innarbeidd i fylkeskommunen si uttale.

Vi legg til grunn at varselet også er sendt til Innlandet fylkeskommune.

Venleg helsing

**Terje de Groot**  
Seniorrådgjevar  
Seksjon for kirkesaker  
+47 98 20 28 60

**Riksantikvaren**  
Direktoratet for kulturminneforvaltning  
Dronningensgate 13, 0116 Oslo

